



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
John Olav Hisdal, 5557 2324  
Olav Overvoll, 5557 2315

Vår dato  
09.12.2014  
Dykkar dato  
22.08.2014

Vår referanse  
2014/10464 561  
Dykkar referanse  
07/2726

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

### **Søknad frå Lussand Kraft AS om bygging av Lussand kraftverk i Granvin herad og høyring av endra planar**

-----  
**Prosjektet vil få negative konsekvensane for landskapet i Hardangerfjorden. Fordelane ved tiltaket er etter vår oppfatning for små til at ein bør gi konsesjon.**  
-----

Vi viser til brev av 22. august 2014 der Fylkesmannen blir bedt om å gi uttale til ovannemnde søknad.

I vedtak av 14. juli 2007 avslo NVE søknad frå Lussand Kraft AS (LK) om løyve til bygging av Lussand kraftverk i Granvin herad. Vedtaket ble klaga på til Olje- og energi-departementet (OED). OED har i brev til LK 19. januar 2012 bedt LK vurdere eit redusert alternativ som tar omsyn til det som låg til grunn for NVE sitt avslag. Eit slik alternativ skal sendast til NVE som etter høyring sender over si vurdering til OED som vil fatte endeleg avgjer i saka.

#### **Kort om dei endra planane**

Lussand Kraft AS har søkt om ei redusert utbygging samanlikna med tidlegare planar. Det er framleis søkt om overføring av Hedlerelvi til Støselvi, men kapasiteten på overføringa er redusert til 0,3 m<sup>3</sup>/s. Staden for overføring er høgare oppe slik at overført vatn vil munne ut i Lomtjørn som er ein del av Støselva sitt nedbørsfelt. Inntaket i Støselvi er lagt på kote 149 som er under fossen, eit av dei framherskande landskapselementa i området. Det vil bli bygd sperredammar med overløp både for hovudinntaket i Støselvi og sideinntaket i Hedlerelvi.

Kraftstasjonen er planlagt på kote 6 med utløp tilbake til Hedlerelvi ved vandringshinder for anadrom fisk. Foreslått minstevassføring i begge elvene er 50 l/s og årleg produksjon vert omlag 5 GWh.

Det er for tida ikkje kapasitet i nettet til å ta i mot ny produsert kraft frå området.

#### **Fylkesmannen sin vurdering av søknaden**

Landskapet rundt Hardangerfjorden er i dag under press frå fleire ulike vasskraftprosjekt. Fossane på Lussand er to landskapselement som bidreg til opplevinga av fjordlandskapet i

Hardangerfjorden. Fylkesdelplanen for små vasskraftverk i Hordaland klassifiserer dette området som fjordlandskap av høg verdi. Det er nødvendig å vurdere samla belastning på vassdragsnaturen i dette viktige landskapsrommet.

I søknaden er det lagt opp til å overføre 300 l/s frå Hedlarelvi til Støselvi. For Herdlefossen er dette ei stor vassmengd som vil redusere inntrykket av dette framherskande landskapselementet. I søknaden er vist bilete av fossen med ei vassføring på 50 l/s (planlagt minstevassføring). Etter Fylkesmannen sin vurdering viser desse bileta klart at synsintrykket av fossen på litt avstand vil forsvinne og området kvaliteten blir redusert.

Overføringa vil i periodar føre til ein liten auke i vassføringa i Støselvi. Denne auken i Støselvi vil ikkje kunne vege opp for den negative effekt med Hedlarelvi, som i lange periodar vil miste sin verdi som landskapselement.

Søknaden og den biologiske utgreiinga viser at å overføre vatn frå Hedlarelvi vil verke inn på fossesprøytsone og bekkeløfta. Fosseberget ved Lomstjørni vert negativt påverka på grunn av redusert vassføring. Fossesprøytsone i Støselvi vert og påverka, men neppe i negativ grad, dermed blir truleg heller ikkje den sårbare (VU) flatsaltlaven negativt påverka. Når det gjeld lavarten *Bacidina inundata* lenger nede i Hedlarelvi knyter det seg usikkerheit til korleis den vil bli påverka av redusert vassføring. Arten er raudlista som nær truga (NT), og er antatt å ha låg populasjonsstorleik i Noreg, sjølv om den har stort utbreiingsområde.

Tilhøve til friluftsliv er ikkje omtala i søknaden. Stølsvegen som i dag går i området vert nytta som tilkomst til fjellet. Fylkesmannen legg til grunn at opplevingsverdiane i området vil bli redusert som følgje av inngrep knytt til utbygginga.

### **Konklusjon**

Prosjektet vil gi omlag 5 GWh fornybar kraft. Utbygginga vil gi relativt høge negative konsekvensane for landskap i ein sentral del av Hardangerfjorden. Det er usikre konsekvensar knytt til naturmiljøet. Fordelane ved tiltaket er etter vår oppfatning for små til at ein bør opne for å gi konsesjon, og Fylkesmannen rår frå utbygging.

Dersom NVE likevel finn det rett å gi løye til utbygging, vil vi rå til krav om minst 100 l/s minstevassføring i Hedlarelvi for å ivareta landskapet i Hardangerfjorden best mogleg.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
miljøvernsjef

Anniken Friis  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune

Voss Energi AS

Granvin herad

Forum for Natur og Friluftsliv i

Hordaland v/ Bergen Turlag

Postboks 7900 5020 Bergen

Postboks 205 5702 VOSS

Postboks 13 5733 Granvin

Tverrgt. 4/6 5017 BERGEN